

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/23. Omfanget av naudsynt kvelds- og helgearbeid for fjelloppsynet

Saksopplysning/vurdering

I tidlegare tariffavtalar for fjelloppsynet (teke ut i nogjeldande avtale) stod det følgjande: "*Omfanget av nødvendig kvelds-, helg- og helligdagsarbeid avtales årlig, eller oftere ved behov, og skal kompenseres med et tillegg på 50 % av ordinær lønn. Med kveldsarbeid menes arbeid etter kl. 18.00.*"

Av fjellstyret vart ei slik vurdering av kvelds- og helgearbeid som skulle kvalifisera for overtidsbetaling sist gjort i 2014 (sak 5/14). I den saka vart det gjort følgjande vedtak:

Følgjande arbeid vert definert som naudsynt kvelds- og helgearbeid for fjelloppsynet:

Vinter/vår:

- planlagt oppsyn som er koordinert med politi/SNO
- rovviltregistrering i regi av SNO
- teljingar og møte i regi av villreinutvalet og kommunen
- andre tilskipingar som er lagde til kveld eller helg, der fjelloppsynet må vera med
- tilsyn/stell på fiskeanlegget, uthyrkning ved alarm

Sommar/haust:

- jaktoppsyn og oppsynssamlingar i samsvar med plan eller avtale med oppsynsleiar
- skadedokumentasjon for SNO
- teljingar og møte i regi av villreinutvalet og kommunen
- anna avtalt oppsynsarbeid eller tilskipingar som av ymse grunnar bør skje helg/kveld
- sesongoppsyn (gjetar) er med under hovudsankinga i Stemmerdalen
- tilsyn/stell på fiskeanlegget, uthyrkning ved alarm
- pakking av fisk for utsetjing
- stamfiske (oktober)

*Det vert sett ei øvre grense for naudsynt kvelds- og helgearbeid på **450** timer pr. år, til saman for fjellstyret sine tilsette. Per 1. september skal det liggja føre ein oversikt over kor mykje slike arbeid som er utført.*

Vedlagt diagram syner utviklinga og omfanget av kvelds- og helgearbeid dei siste 6 åra. At timetalet dei fleste åra har lege over det nivået som fjellstyret vedtok i sak 5/14 – 450 timer/år - har nok mykje samanheng med skrantesjukeutbrotet og auka møte- og oppsynsaktivitet som dette førde med seg. Det vart og tilsett ein mann til i fjelloppsynet frå 2027. Berre eitt år skil seg ut med lågt nivå på kvelds- og helgearbeid: 2020. Det var det første koronaåret, og talet på møte vart mykje redusert. Alle desse åra, med unnatak av 2020, ligg andelen overtidsbetalt kveld/helg på 11-13 % av samla timetal.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/23, side 2

I tillegg til «pålagt» kvelds- og helgearbeid vert det utført ein del arbeid kveld og helg som ikkje kjem inn under oppgåvene som er nemnde i vedtaket i sak 5/14, og som ikkje er pålagt av fjellstyret v/dagleg leiar. For slikt arbeid vert det ikkje utbetalt noko tillegg.

Det därlege rekneskapsresultatet for dei to siste åra har gjort det aktuelt å sjå meir kritisk på kva som skal rekna som «naudsynt» eller «pålagt» overtid. Dei tilsette i fjelloppsynet har drøfta dette i eit internt møte, og kome til at det bør vera mogleg å koma ned på den tidlegare vedtekne øvre råma på 450 timer per år, d.v.s. å redusera talet på timer med overtidsbetaling med om lag 80 per år, eller 15 %. Grep som vert tekne, vil vera i større grad å unngå å leggja arbeid til etter kl. 18 eller til helgedagar. Det vil gjelda både for fjellstyrearbeid og tenestesal til andre. Ei anna endring me kan vera med på, er å ta ut jakttoppsyn i reinsjakta frå lista over naudsynt arbeid som skal kompenserast.

Elles meiner eg lista over arbeidsoppgåver er nokså dekkande.

Framlegg til vedtak:

Følgjande arbeid vert definert som naudsynt kvelds- og helgearbeid som skal kompenserast med eit tillegg på 50 % av ordinær løn:

Vinter/vår:

- planlagt oppsyn som er koordinert med politi/SNO
- rovviltregistrering i regi av SNO
- teljingar og møte i regi av villreinutvalet og kommunen
- andre tilskipingar som er lagde til kveld eller helg, der fjelloppsynet må vera med
- tilsyn/stell på fiskeanlegget, utrykning ved alarm

Sommar/haust:


- skadedokumentasjon for SNO
- teljingar og møte i regi av villreinutvalet og kommunen
- andre tilskipingar som er lagde til kveld eller helg, der fjelloppsynet må vera med
- sesongoppsyn (gjetar) er med under hovudsankehelga i Stemmerdalen
- tilsyn/stell på fiskeanlegget, utrykning ved alarm
- pakking av fisk for utsetjing
- stamfiske

Det vert sett ei øvre grense for naudsynt kvelds- og helgearbeid på **450** timer pr. år, til saman for fjellstyret sine tilsette. Per 1. september skal det liggja føre ein oversikt over kor mykje slikt arbeid som er utført.


Fjellstyrekontoret, den 10.3.23

Harald Skjerdal

Timar kvelds- og helgearbeid



Utbetalt kveld/helg



Utbetalt +arb.gj.avg

